

**PROTOKOLL**  
**MØTE I NORDHORDLANDSTINGET**

|              |  |
|--------------|--|
| <b>Møte:</b> | <b>1/2014</b>                                      |
| <b>Tid:</b>  | <b>Tysdag 18. februar kl. 17:15 – 19:30</b>        |
| <b>Stad:</b> | <b>Knarvik vidaregåande skule, møterom Knarren</b> |

**Til stades:**

Sjå deltakarlista.

Osterøy møtte ikkje med formannskapet då Nordhordlandspakken var einaste tema. Elles møtte alle kommunane med varierende deltaking.

|           |  |
|-----------|--|
| <b>1.</b> | <p><b>Opning ved regionrådsleiar Jon Askeland</b><br/>Regionrådsleiar og møteleiar Jon Askeland ønskte velkomen, og sa litt om mål og hensikt med møtet. Han var tydeleg på at no er me kome til eit vegskille der kommunane må gå for pakken og søknaden slik den er utforma.</p>   |
| <b>2.</b> | <p><b>Informasjon / siste oppdatering i med arbeidet med samferdslepakken.</b><br/><b>Styreleiar Pål Kårbø og konsulent Helge Hopen</b><br/>Pål Kårbø orienterte om at Nordhordlandspakken AS stort sett har hatt eit styremøte pr. måned den siste tida. Det er Regionrådet gjennom Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI), Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune som er eigarar. Styret består av forutan han sjølv Margunn Bjørnstad, Astrid Aarhus Byrknes, Leidulv Brunborg og Kristian Helland. I tillegg møter Jon Askeland som leiar i regionrådet, Nils M Aadland som leiar i regionrådet sitt næring- og samferdsleutval, Rune Heradstveit som dagleg leiar i NUI, og Helge Sandvik frå Statens Vegvesen også fast i styremøta.</p> <p>I samband med utarbeiding av bompengesøknaden er det nedsett ei arbeidsgruppe som består av tre representantar frå Statens Vegvesen, to representantar frå Hordaland fylkeskommune, ein representant frå Bergen kommune og Helge Hopen, Jon Askeland og Pål Kårbø. Det er arbeidsgruppa som har utarbeidd og sett saman søknaden før den skal slutthandsamast av styret.</p> <p>Den vidare prosessen er fylgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Styret skal gjera vedtak om endeleg bompengesøknad i møte tysdag 25. februar.</li> <li>▪ Søknaden vert så sendt over til Statens Vegvesen, som sender den til førehandshandsaming i Vegdirektoratet.</li> <li>▪ Søknaden vert så sendt ut til kommunane i Nordhordland, og til Bergen med sikte på handsaming i dei ulike kommunestyra i løpet av april eventuelt tidleg mai.</li> <li>▪ Det vert lagt opp til handsaming i Hordaland fylkesting i juni.</li> </ul> <p>Helge Hopen gjorde nærare greie for status med søknad og for dei ulike prosjekta. Sjå vedlagte presentasjon.</p> |

|                  |  |
|------------------|--|
|                  | <p>Nyborgtunnelen har ikkje ferdige planar, og ligg inne sist i NTP-perioden. FV 57 vart eit for kostbart prosjekt å ta med no, det vart mykje dyrare grunna krav om fire felt i Knarviktunnelen, i tillegg vil ikkje fylkeskommunen yta så mykje som ein hadde lagt inn i prosjektet. Andre prosjekt i kommunane har planavklaring, eller forholdsvis lite står igjen, derfor fornuftig å byrja med desse. Så får ein utsetja Knarviktunnelen til seinare.</p> <p>Helge Hopen viste oversikt over dei ulike prosjekta. Staten kan sjølv sagt bidra med meir pengar enn det som er sett opp om dei vil. Han gjekk gjennom plasseringa av bomstasjonane. Det kom spørsmål om ein ikkje berre kunne løysa heile saka med ein bom på Nordhordlandsbrua. Dette er noko som bl.a. næringslivet er opptekne av. Hopen svara at dette vil vera i strid med retningslinjene, og dermed ikkje er noko Nordhordlandspakken AS vil fremja.</p>  |
| <p><b>3.</b></p> | <p><b>Informasjon frå eigarane</b><br/>Representanten frå Bergen kommune måtte dessverre melda forfall grunna sjukdom.</p>   |
|                  | <p><b>Regionrådet i Nordhordland, leiar i Nærings- og samferdsleutvalet Nils Marton Aadland</b><br/>(sjå vedlagte presentasjon)</p> <p>Nils Marton Aadland understreka at tida no er inne for å einast om søknaden og kome i gang med prosjektet. Me har lang tradisjon for samarbeid i regionen, og det har vore ei stor utvikling i regionen dei siste ti åra. Me må no leggja til rette for framtida, og kan ikkje la det gå mange nye år utan å betra vegane og trafikktryggleiken.</p>  |
|                  | <p><b>Hordaland fylkeskommune, fylkesordførar Tom-Christer Nilsen</b></p> <p>Tom-Christer Nilsen understreka at fylkeskommunen er både eigar og handsamar av søknaden. Den skal godkjennast i fylkestinget. Det som no ligg i pakken, inkludert midlar frå fylkeskommunen, er kvalitetssikra og iht. kostnadsfordeling ved andre bompengeprojekt i fylket.</p> <p>Alle bør no visa storsinn – og sjå utover sin eigen kommune, dette vil heile regionen tena på.</p> <p>Han viste til nasjonale målsetjingar om at det faktisk skal gå færre bilar ut av ein framtidig Nyborgtunnel enn det som går over brua i dag. Det betyr stor satsing på kollektiv transport i samferdsleprosjektet, og ved bygging av vegar må ein samtidig tenkja gang- og sykkelveggar. Det vil koma vekst i regionen som krev grep når det gjeld infrastrukturen. Dersom kommunane no seier nei til pakken, vil det koma andre kommunar og regionar til gode.</p>  |
|                  | <p><b>Spørsmål og debatt</b></p> <p>Det vart etter innlegga opna for spørsmål og debatt. I panelet sat Tom-Christer Nilsen, Nils Marton Aadland, Pål Kårbø, og Helge Hopen. Jon Askeland leia debatten.</p> <p>Fleire peika på at det var eit godt og viktig møte. Det kom innlegg og kommentarar som bl.a. viste til den store motstanden mot bompengar, medan andre lurte på kva alternativet er? Me får ingen ting utan å bidra sjølve, og me treng betre og tryggare vegar.</p> <p>Det var nokre spørsmål om plassering av bommar og om nivået på bompengane. Dette vart svara på av Pål Kårbø og Helge Hopen. Fleire i salen uttrykte bekymring over at Bergen kommune og vegvesenet ikkje har avklara reguleringsplan for Nyborgtunnelen i Åsane – og at dei heller ikkje synest å prioritera det. Kårbø avviste dette og sa at også Bergen meiner at dette er eit svært viktig prosjekt. Me må imidlertid ha litt respekt for at reguleringa i Åsane er komplisert, og at den skal tilpassast anna utbygging som t.d. bybana.</p> <p>May Eva Sandvik var tydeleg på at no må ein gå for pakken, og viste til utviklinga som har vore etter at brua kom, bl.a. innan næringsutvikling. Ho vil be om at kommunestyret i Lindås går for pakken no. Per Lerøy støtta May Eva, og viste til den fantastiske næringsutvikla som har vore rundt Fensfjordbassenget. Nordhordland treng modernisering på vegsektoren no.</p> <p>Arve Mjømen viste til det sterke næringslivet i Gulen, og at nye etableringar vil gje 600-700 nye</p> |

arbeidsplassar. Sjølv sagt kunne ein tenkt seg Knarviktunnelen no, men han skjønnte kvifor den er utsett. Det viktigaste er likevel at ting byrjar å skje. Han understreka at Gulen er avhengig av ei ferje som går til kvar tid – det må fylkeskommunen ta med seg.

Pål Kårbø viste til planprosessar og at ein no må byrja å jobba for å få Nyborgtunnelen inn i revisjonen av NTP i 2016 slik at den kan hoppa fram i køen. Tom-Christer Nilsen viste til at NT tross alt ligg inne i NTP, og dermed har meir fast fisk enn mange andre prosjekt. Sett i eit regionalt perspektiv er det også spennande at lokale prosjekt er på plass når hovudprosjektet kjem.

Bjarte Vatnøy lurte på kven som har valt ut dei 18 punkta som står på lista – og dersom styret hadde spurt kommunestyret i Lindås, så hadde Knarviktunnelen vore inne. Pål Kårbø svara at han opplevde sterk motstand mot Knarviktunnelen i kommunestyret i Lindås. NHIL har heller ikkje sett behov for denne. Pakken er justert ned for å kunne gå gjennom i kommunestyra. To løp er eit absolutt krav, og dette førte til stor auke i kostnaden på tunnelen. Når fylkeskommunen i tillegg ikkje bidrar med så mykje midlar ein la opp til, vart pakken for kostbar.

Kåre Gaulen synest og det var dumt at prosjektet var falle bort og peika på samfunnstryggleik i forhold til brann/ulukker og t.d. utrykking.

Det var vidare nokre spørsmål om Mundalsberget – bl.a. kvifor den var kome inn – og kvifor plasseringa av bomstasjonane var slik. Helge Hopen forklara dette med trafikkisikring og statleg medfinansiering av tunnelen, og trafikktryggleik vedrørende plasseringa av bomstasjonen.

Nils Marton Aadland minna om at Bergensalliansen har prioritert fire store prosjekt inkludert Nyborgtunnelen. Fire felt gjennom Haukås er lagt død. Alle fire partia i Regjeringsavtalen har sagt at tunnelen skal byggjast. Helge Hopen sa at alle er enige om at tunnelen må byggast, og at NTP-revisjonen i 2016 er svært viktig. Det vil derfor vera ein stor fordel om Nordhordland kjem i gong med prosjekta i fase 1.

Frå Masfjorden vart det peika på at var kjekt å høyra på fylkesordføraren, men vil fylkeskommunen fylgja opp med kollektive tiltak ute i distrikta? Tom-Christer Nilsen svara at han vil gjera det han kan, men at kommunane og må spela dette inn i samband med RTP og kommuneplanar.

Det kom spørsmål kva betyding tilslutninga i kommunane vil ha å seia for fylkeskommunen. Svaret var at fylkeskommunen for heldt seg til fleirtalsvedtak.

Karstein Totland sa at det er tragisk visst ikkje kommunane er med no.

Knarvik, 12. mars 2014



Jon Askeland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

**Vedlegg:**

1. Deltakarliste Nordhordlandsting 18. februar 2014
2. Nils Marton Aadland – presentasjon «Nordhordland, klar for ny vekst og utvikling»
3. Helge Hopen – presentasjon av Nordhordlandspakken og bompengesøknad